

BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik

Nr. 4 2021



Desember 2021

Årgang 63

**Du grøne, glitrande tre, god dag!
Velkommen, du som vi ser så gjerne,
med julelys og med norske flagg
og høgt i toppen den gylne stjerne!
Ja, ho må blenkja så vi må tenkja,
ja, ho må blenkja så vi må tenkja
på Jesus Krist, på Jesus Krist.**



Juletreet si historie

Juletreskikken tok til alt på 1500-talet. I det katolske Sør-Tyskland og i Sveits pynta dei forsamlingslokale med tre. Frukt og kaker vart hengde på greinene, og på trettandedagen fekk borna hausta treet. I løpet av 1800-talet vart joletreet kjent i det meste av Europa og Amerika. Det var tyske misjonærar, utvandrarar og forretningsfolk som tok med seg tradisjonen. I Storbritannia vart joletreet vanleg etter at dronning Victoria og hennar tyske prinsegemal Albert tok opp tradisjonen midt på 1800-talet. Eit av Danmarks første juletre vart tent på godset Holsteinborg i 1808.

Juletreet i Noreg

I Norge var det særleg prestar og lærarar i byane som introduserte tradisjonen med joletre. I Christiania vart det fyrste joletreet registrert i 1822. Mange meinte

at dette vare ei form for avgudsdyrking og dans rundt gullkalven. Joletrefestar i skulanane sin regi starta ein her i landet med midt på 1800-tallet. Dette førde til at joletreet vart kjent i bygdene. Gjennom dikt av Welhaven og Wergeland vart også folk kjende med den nye tradisjonen. Eventyrsamleren og forstmannen Peder Chr. Asbjørnsen ga i 1850 ut eit jolehefte med namnet «Juletræet».

Juletreet på Universitetsplassen i Oslo vart reist fyrste gong i 1919. Verdas høgaste joetre skal visstnok ha stått i eit kjøpesenter i Washington i 1950. Treet målte 67 meter. I dag har over 90% av norske husstandar tradisjon med å pynta eit tre til jol. Grantreet er mest brukt som joletre her i Noreg, med edelgran på ein

god andre plass. Den første jolepynten var laga av strå og papir. Somme brukte også kjeks og småkaker. I dag har dei fleste sine eigne tradisjonar, ei blanding av nytt og gammalt. Tidlegare var stjerna laga av glitter eller sylvpapir. I dag er ho laga av plast, og kjem med og utan elektrisitet.

– Stjerna symboliserer stjerna som lyste over Betlehem for over 2000 år sidan.

– Lysa me pyntar treet med, symboliserer Jesus som verdas lys.

– Dei fargerike og skjøre julekulene skal vera jordkloden.

God jol til små og store!

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

ULVIK KYRKJEKONTOR:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjeverje:

Willemina van Manen

Tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917

kyrkjeverje@ulvik.kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk ebryk@interia.pl

Tlf: 967 42 927

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Bergo Aarvik

Tlf. 452 28 287 / tiljorunn@gmail.com

Søndagsskulen: Linda Van Moere 943 85 859

Babysong: Kjersti Johanne Nybø: 916 02 028

Kyrkjetenar: Jan Arvid Gjøn, tlf. 954 69 903

Soknerådsleiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

EIDFJORD KYRKJEKONTOR:

Postboks 23, 5786 Eidfjord. Telefon: 53 66 52 51

Kyrkjeverje:

Irene Vivel, irene@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, kris@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjetenar:

Christian Bouvain, christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Sekretær:

Tone F. Nesheim, tone@eidfjordkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Kari Tveit Hovland, Tlf. 970 62 477

SOKNEPRESTAR:

Eidfjord:

Johannes Pettersen, 53 66 52 51 / 913 40 828

johannes@eidfjordkyrkje.no

Ulvik:

Magnar Haaland, Tlf. 415 46 366 / mh977@kyrkja.no

Eller kontakt:

Voss kyrkjekontor – prosten

Telefon: 56 52 38 80

REDAKSJON FOR KYRKJEBLADET:

Kyrkjeverje Irene Vivel, Wilma Bergman og

Kjersti Næsheim. Kyrkjeverje Willemina van Manen,

Knut Nes og Stein-Arnold Hevrøy.

Redaktør:

Steinar I. Bergo, tlf. 908 41 077

steinar.bergo@ulvik.org

KONTONUMMER: 3626 26 78029

VIPPS: 661653

Bladpengar kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og
gåver til kyrkjebladet.

**Takk til alle gode støttespelarar
i Eidfjord og Ulvik!**



Halvor Nordhaug

ANDAKT

Ei kroppsleg jul

Det vart ein underleg julaftan for eit år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Somme trassa vær og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gje kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagd i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Maria og Josef si omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaust og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli godt mottekne.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja, er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud sokjer oss som heile menneske, så la oss møta han slik. Difor håpar eg at du som les dette, tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølvde dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å koma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje koma til kyrkja, så vær trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framandt for Han.


Eg ønskjer deg og alle dine ei glad og velsigna jul!

Halvor Nordhaug

Biskop i Bjørgvin

Joleminne og joletankar

Det er sagt at alt vert forstørra i jola, både einsemda og gleda kjennest sterkare. Jola er ei tid for omtanke og gåver. Det er ikkje volumet med dyre gåver som tel, men dei små handlingane som syner omsorg og varme. Våre dagar er fulle av ting og rikdom for dei fleste, men tid er vår største mangel.



Brubyggjaren utfordrar leserane til å koma med joleminne og joletankar frå eldre- og nyare tid. Det er slett ikkje slik at alt var best før, men det var annleis, og kanskje vår tid har sine utfordingar. Som redaktør vil eg gjerne gå føre med eit døme frå 1950-åra.

Tida var prega av etterverknadene av krigen, men ingen svalt rundtom på gardane. Dei gamle tradisjonane med å slakta julegrisen var levande. Ho mor hadde stelt godt med grisen, og vennskapet mellom folk og dyr var godt. Men no skulle han slaktast. Sylfest kom med klubbe, stempel og tranteband. Det var slik som Tarjai Vesaas skreiv om i «Det store spelet»: «Han som slo var dyreven!»

Slaktinga var ei naturleg handling for oss ungane, bortsett frå syster mi som låg under senga og heldt seg for øyrene. Mor rørde blodet med ei tvore. Tvora hadde Besten laga av ein greinekrans av jolatreet frå i fjar. Alt måtte nyttast, men denne reiskapen overgår det meste av våre dagars plastikkreiskapar! På skulen skreiv me stil om «Grisen fortel», og ein medelev hadde så god kunnskap om prosessen at han let grisens fortelja lenge etter at han var komen i saltlaken!

Det var lite med pengar til fine klede og ting i 50-åra. Dei på Brakanes var finare enn oss bønder, men me tente litt på joletresal. Me var med han far og hogg. Så køyrdé me til Brakanes med Olaug eller Blaoe, ein hest som var kjøpt på Hjeltnesskulen, der elevane hadde vant ho på skråtobakk. Presangar vart det, sjølv om det ikkje var slik som i dag. Gleda med å gje og gleda med å få var like store. Det var spenning kring gåver som var gjøymde på ulike stader. Neter, sjokolade og fiker låg og venta på at dagane skulle gå. Me såg fram til jola som høgdepunktet i året, med store forventingar. Ein gong fekk eg ein liten trehest som hovudet knakk av, men det limte han far på att. Begge minna vart varige!

Joletret vart pynta på jolaftan. Klokka fem gjekk me ut på altanen for å høyra at jola vart ringd inn frå kyrkjetårnet. På ein gard måtte foreldra i floren og mjølka kyrne før jolefeiringa kunne ta til. Me tykte alltid dei tok seg for god tid! Men til slutt kom dei, og etter dei hadde fått vaska av seg florslukten og gjort seg festklare, kunne jolefeiringa ta til!

Den gamle middagstradisjonen i Ulvik på jolaftan var lutefisk. Noko me ungane ikkje var så begeistra for, så me fekk gjerne pinnakjøt. Desserten var riskrem, eller moltekrem. Høgdepunktet var sjølvsagt presangane. Det var ikkje kostbare presangar, særleg ikke dei me ungane gav til mor og far, men dei takka og viste glede. Ho var ekte! Me gjekk og rundt joletreet. Joletreet hadde jamvel nokre levande ljós, ein risikosport, og dei vart fylgde med vaksame auger den stunda gjekk rundt treet.

Fyrste joledag var heile bygda, små og store i kyrkja. Far sela på Blaoe, og under gode, varme teppe fekk alle plass på sleden. Hesten hadde gjerne stått ubrukt på stallen ei tid og var det me kalla for «stallstaen». Han sprang så klabbane fauk under hovane og gjorde turen til ein fest. På Brakanes vart hestar parkerte i Hestastallane eller festa i kyrkjegarden. Eg kan hugsa at Pastor Johnsen fekk låna hesten ein runde rundt kyrkjegarden. Det var ei ny oppleveling for ein bergensar. Eg hugsar og presten før det. Amlie minnest eg som ein stor mann med kraftig røyst, men kanskje det var me som var veldig små? Amlie var meir interessert i frukt!

Seinare vart det busstransport frå Aurdal til og frå kyrkja. Bussen var full, og ungar og ungdommar saman med foreldra møttest for å utveksla opplevelingane frå jolaftan. I romjola var det jolatrefest på skulen. Den var obligatorisk og eit kjærkomme møte kring kjøpeskiver med fårepølse på! Når det gjeld både mat og ting, så har både mengd og tal auka mykje, men det er ikkje sikkert at gleda har auka proporsjonalt.

Ingen av oss vil tilbake til gamledagar eller gje avkall på dei goda me har. Men kanskje me treng å finna tilbake til dei små og viktigaste «ting» i heim og samfunn. For som Sigrid Undset skreiv: «Menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dager!»

God jol!

- Red.

Ei annleis gudsteneste



TEKST OG FOTO: KNUT NES

For ein del år sidan var kona og eg til Lanzarote i nyårshelga, og nokre dagar på nyåret. Nyttårskvelden var me på ein restaurant og åt eit godt måltid, som ikkje var pinnakjøt. Ute striegna det så det fløynde med vatn i gatene. Men vêret vart betre dei neste dagane. Då gjekk me mykje på turar i området og i fjellet der det høver. Sundag kveld den 5. januar var det eit vakkert opptog gjennom gatene i den vesle byen. Det var dei tre vise menn som reid på kamelar og strøydde kring seg med gåver i form av snop. Dette er ein gammal tradisjon som markerar inngangen til jolefeiringa, der viktigaste dagen er 6. januar. Dette er ein høgtidsdag i katolsk tradisjon. Men det visste ikkje me så mykje om, så me gjekk på fjelltur til ein topp inne i landet med flott utsyn over land og hav. Seinare gjekk me lenger inn i landet til ein landsby som heiter Tias. Der ville me sjå på kyrkja. Då me kom fram, såg me at der var gudsteneste. Alle dører var opne, så me gjekk stilt innanfor døra og sette oss. Kyrkja var full av folk som feira denne

høgtidsdagen då Jesus vart fødd. Presten preika mykje som me ikkje skjøna, men det var kjekt å oppleva. I katolske kyrkjer er det mykje røykelse som ein del av ritualet. Altaret var pynta med blomar, og ved ein Mariafigur var det ei julekrybba der ei dokke var symbolet på Jesusbarnet. Skuleborna hadde eit tablå der dei tre kongane kom med gåver til Jesusbarnet. Etterpå vart dokka lagd på altaret. Presten velsigna henne før han bar den ned i midtgangen, slik at alle som ville, kunne ta på Jesusbarnet. Folk strøynde til, så for oss verka det framandt og uroleg. Musikken under gudstenesta var eit Canarisk orkester som song og spelte fleire strengeinstrument med feiande rytme. Under trusvedkjenninga tok alle kvarandre i hendene på tvers av midtgangen. Etterpå gjekk borna rundt og delte ut gullstjerner med teksten «Jesus es para todos». Alle helsa på kvarandre. Nokre helsa på oss og. Om dei sa god jul eller godt nyttår veit me ikkje. Dette var ei annleis gudsteneste, og kjekt å oppleva, med mykje musikk og godt humør på deira store høgtidsdag.

"Eg går med mi lanterne, lanterna går med meg. Der oppe lyser stjerna, her nede lyser eg."



TEKST: MANUELA BJOTVEIT
FOTO: IRENE VIVELI

Denne songen kunne du høyra torsdag 4. november i Lægreidsvegen. 17 barnehagebarn med kvar si lanterne gjekk i ein lang tog frå kyrkja til Bygdaheimen. Det var torsdag og det var Minikyrkje. Den siste for 2021. Det skulle me feira difor vart det ikkje heilt vanleg. Samlinga byrja med ein god og varm betasuppe i kyrkjelydsalen. Når alle var gode og mette,

gjekk me i gang med å lage lanterner. Kvart barn fekk sin eigen. Det var godt med ein hjelpende hand frå mamma eller pappa.

Så endeleg kunne med starta. Me lyste opp mørke med våre lykter. Framme ved Bygdaheimen blei me godt tatt imot. I lag med dei eldre blei det samlingsstund med song, forteljing og ikkje minst såpebobler til slutt. Tusen takk for denne gongen. Eg gler meg allereie til våren når me startar opp att.



Ikke alle barn gleder seg til jul

Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

**Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller
VIPPS valgfritt beløp til 13130**



1 av 10 barn gruer seg til jul, viser en undersøkelse Blå Kors gjennomførte i fjor. Psykiske utfordringer, økt alkoholbruk, dårlig råd og konflikter i familiene, er noen av hovedårsakene til at jula er en krevende tid for familier. Dette gjør Blå Kors noe med! Takket være gaver fra menigheter og enkeltpersoner kan vi gi støtte og håp til de som trenger det aller mest ❤️

På forhånd tusen takk for at dere vil bidra ved å dele annonsen, slik at vi når flere.

Med vennlig hilsen Janne Dale Hauger
Rådgiver, Forebygging Blå Kors Norge
Storgata 38 0182 Oslo
www.blakors.no Mob. +4740514194

Jola – ei tid for omtanke for andre

Valborg Nummedal er oppteken av å hjelpe folk som lir naud. Ho har sendt Brubyggjaren ein tekst om behovet - og arbeidet for å hjelpe nokre av dei mange naudlidande:

No nærmar jola seg, og i mange år har eg fått sendt matkassar til fattige i Aust-Europa, frå kontoen 3480.51.36563 i Voss sparebank. Kvar pakke kjem på om lag 250 kroner, men kan variera litt med utleveringa frå land til land. Utdelinga går føre seg frå lokale menigheter og frivillige.

Pakken innehold: Mjøl, gryn, ris, pasta, sukker, olje, pluss litt meir. Kvar pakke veg minst 10. kilo. Du kan gje det beløpet du vil. Eg sender samla beløp til «Misjon uten grenser». «Misjon uten grenser» har eg hjelpt i rundt 20 år med klede, mat, hjelp til skulegang, ranslar med bøker og blyantar. Eg har sendt mange tusen jolekort til barneheimsborn, medisin, brensel, hjelp og mat til hjelpearseuse. I fjor sende banken 7500 kroner til matpakkar. Før jol same år klarte misjonen å levera 41800 matoskjer til 35420 familiar. Vipps til 631525 av kr 250 går til kontoret direkte.

Etter at eg flytta til Ulvik, kom folka i Ulvik og Eidfjord med på den årlege innsamlinga eg har på Voss i september. Halvard Hasseløy er leiar i: Open Heart, www.openheart.no, som driv aktivt med hjelp til dei utsette i Ukraina, i Donetsk, Lugansk og omliggjande byar. Lass med mat og klede går uavbrote til krigsofra, ofte med fare for hjelparane sine liv. Mange har mist heimane sine og sokjer ly under jorda i iskalde kjellarrom, fordi dei fryktar for livet. Nauda vert forsterka av ekstrem kulde ned mot 25. minus. Det kom inn om lag 600 sekkar med leiker, barnesyklar, barnevogn, jolegåver med meir. Det vart i tillegg sendt 34.771 kroner til naudhjelpsarbeidet.

Ingen kan hjelpe alle, men alle kan hjelpe ein! Velsigna jol til alle!

Helsing Valborg Nummedal

Barneheimskontoen i Voss sparebank er: 3480.51.36563. Tusen takk for di hjelp!



Utferda frå Egypt/Exodus, utdelinga av 4-årsbok og bok til 10-åringane

- i Hausstakkefesten si ramme

TEKST OG FOTO: REDAKTØREN

Isralittane si røming frå romarane, den lange vandringa i ørkenen med Moses, svolt og tørst, men redninga kom med manna frå himmelen. Moses fekk lovtavlene på Sinai Berg, og isralittane kom til det heilage landet, Kaanan. Dette var preikteksten til Bengt. Etter han delte Jorunn ut bøker til 4-åringane og til 10-åringane. Linda som er med på søndagsskulen, hadde førebuett seg godt både med mat, drikke og utkleding. Med seg hadde ho ein flink gut som styrde bileta på storskjerm. Linda hadde jamvel laga ei lauvhytte til minne om tradisjonen jødane hadde med lauvhyttfest. Borna fekk koma fram og sitja i lauvhytta og spela ulike instrument. Dei fekk brød (manna) og drikkande vatn, slik at forteljinga fekk liv. Etter beste pedagogiske mønster: Det eg hører, hugsar eg. Det eg ser, kan eg, men det eg får prøva ut skjønar eg, hadde store og små ei fin læring!



10-åringane kan lesa av ei kodebrikke og få tilgang til tekstar og oppgåver på YouTube.



Dei fekk oppleva korleis det var å få mat og drikke frå «Himmelen».



4-åringane fekk si bok, men vil trengja hjelp med å få lese tekstane.



Borna syntest det var kjekt å få sitja i lauvhytta.



Slike lovtavler fekk Moses på Sinaifjellet. Dei vert kalla Dei ti boda.



Minnegudsteneste 2021

TEKST OG FOTO: MANUELA BJOTVEIT

Sorga tek aldri slutt. Ho berre forandrar seg over tid. Minnegudstenesta er ikkje berre for dei som nyleg har mista nokon kjære. Minnegudstenesta er for alle som har mista nokon, om det var no i år, i fjor eller for ti år sidan. Me ber våre kjære inni oss kvar dag. I minnegudstenesta hadde me moglegheit til

å minna dei ved å tenna eit ljós.

Johannes Pettersen og Helene Aurdal spreidde varme med sine nydelege songstemmer. Kris Ulita bar oss gjennom gudstenesta med gode tonar på orgel og piano. Denne fine stunda blei avrunda med eplekake og is under kyrkjekaffien.

Jolehelsing frå Ulvik sokneråd

TEKST: KNUT NES, LEIAR I ULVIK SOKNERÅD

Også i år ynskjer Ulvik sokneråd å senda ei jolehelsing til lesarane av kyrkebladet Brubyggjaren. Bladet vert sendt ut til alle husstandar, og kan vera ein god måte å informera på. Me har inntrykk av at kyrkebladet vert godt motteke i Eidfjord og Ulvik, men det krev mykje og godt arbeid å produsera fire blad i året. Me er så heldige å ha Steinar I. Bergo som ansvarleg redaktør i tillegg til at kyrkjeverja gjer eit godt arbeid.

Også dette året har vore påverka av Covid 19 pandemien når det gjeld arbeid og aktivitet i kyrkjelyden. Det krev mykje arbeid og påpass å fylgja dei nasjonale reglane mot smitte. Til all lukke er no dei fleste av restriksjonane oppheva, men smittepresset er ikkje borte. Me kjenner til at konfirma-sjonar har vorte utsette frå vår til haust med sterke avgrensingar for deltakarar i kyrkja. Gravferder har og vore strengt regulerte for deltaking. Det er uheldig for alle dei det gjeld, og ekstra arbeid både for det offentlege og dei pårørande.

Trass i ein del avgrensingar på grunn av pandemien har det

vore god aktivitet i kyrkjelyden dette året. Gudstenestene har vorte gjennomførde som planlagt, og sundagsskulen har starta opp att etter ein mellombels pause. Her er det og ein flott innsats av dyktige frivillige hjelparar som får noko støtte av soknerådet. Soknerådet får økonomisk støtte frå staten til trusopplæring, slik at det er ei billeg ordning for soknerådet. Nytt av året er baybysong som har vore ein gong for veka utover hausten. Dette har kome i stand ved frivillig arbeid og med hjelp av kyrkjeverje og sokneråd. Dette er me svært glade for. Dei held og til i kyrkja. Her har ein fått laga til ein aktivitetskrok for born.

Me takkar alle gode hjelparar for arbeidet dette året. Takk til sokneprest Magnar Haaland og prestevikar Bengt Staffan Arvidsson. Takk til organist Edyta Bryk. Takk til kyrkjeverje Wilma og kyrkjetenar Jan Arvid for godt arbeid. Takk til frivillige tekslesarar, og takk for godt samarbeid i soknerådet. God jol til alle i Ulvik!





Kor gøy på Haustfest

TEKST OG FOTO: TONE FELLE

Tre torsdagar har me hatt prosjektkor i kyrkja. Alle mellom 4 og 10 år var inviterte til å vera med. I alt var 15-20 born med i koret vårt som heiter Songglede. Hausttakkefesten var dagen for framføring, og det gjorde koret på beste måte. Foreldre og besteforeldre stilte mannsterke opp så det vart masse folk i kyrkja, og stemninga var upåklageleg. Godt for oss som jobbar her å sjå at kyrkja fyllest med folk att, og at ungane er riktig så husvarme. Prosjektkoret song så fint og høgt og klart om kor godt dei likar mine store øyrer og at nasa mi har nydeleg profil. Til og med freqnene våre likar dei. Me andre sola oss i glansen og saug til oss godorda. Ungane song også «Det er gøy, gøy, gøy» – og det såg verkeleg ut som dei meite det også. Koret hadde med seg Johannes på gitar, Kris på orgel, og Manuela som dirigent. Rocke Rolf var også der. Han hadde litt vondt i halsen, men rocka med etter beste evne der han sat

under altarringen og liksom passa på nokre fruktkorger. 4-åringane fekk bok denne dagen, og før gudstenesta var dei på skattekjakt i kyrkja. Skatten kunne vera kvar som helst, men Manuela hadde heldigvis lagt ut spor. Flaks var det også at dei kom over nokre lommelykter, for ute i gangen var det stupmørkt. Skatten, ei kiste med gullmyntar, fann dei til slutt inne i peisestova. Der venta også litt å bita i og fargeleggingsoppgåver.

4-åringane hadde med seg korger med frukt og grønnsaker og gjekk i prosesjon inn i kyrkja som start på gudstenesta.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi med eplekake og sjokolademuffins.

Fekk du ikkje med deg KOR gøy det var med kor?

Då får du ein ny sjanse 12. desember, nytt prosjektkor ligg nemleg i hardtrening i desse dagar.



Babysong i Ulvik

TEKST OG FOTO: KJERSTI JOHANNE NYBØ

Den 13. september starta me opp med babysong i Ulvik kyrkje. Me har vore 3-4 barn med mødrer som har møttest i kyrkja kl 11 kvar måndag. Så har me ei songøkt på om lag 20 minutt. Me har ulike songar med rørsler til, me dansar babysamba, har rolege songar og ein bånsull, og bæ bæ lille lam kjem innom. Ofte er det rom for å prøva seg med rytmeegg, men mange tykkjer desse passar best til å eta på førebels. Babyane er ulike i alder, og då me starta i september, var den yngste 3 veker og dei eldste nesten 7 månader, men det verkar som om opplegget fengar alle! Det er spennande å sjå på dei andre ungane og vaksne, og sjå seg rundt i kyrkja. Eit høgdepunkt er når me samlar alle under det store sjajet og lagar "bølgjer" over dei, og for nokon er det utruleg spanande med såpeboblene me bles mot dei under avslutnings-songen. Etter songøkta vert me verande i kyrkja og pratar ei stund oss



vaksne i mellom medan babyane leikar på golvet, og "pratar" med kvarandre. Det er kjekt at babyane får oppleva songen og det sosiale, men nesten like viktig er det at me foreldre kan koma ut og treffa andre, som attpåtil er i same situasjon!

JOLETOGET



EI FORTELJING AV MANUELA BJOTVEIT INSPIRERT AV
«EIN RICHTIGER WEIHNACHTSZUG» AV ECKHARD LANGNER

Endeleg! Jonas kasta skulesekken sin frå seg i gangen. Den ville han ikkje sjå på lenge no. I dag sa læraren: «God ferie og god jol!». Jonas sprang så fort han kunne heim etter skulen. Han og mamma skulle besøkje Besta i jola. Han gledde seg skikkeleg.

Neste dag stod Jonas og mamma på togstasjonen på Voss. Dei skulle til Hønefoss. Jonas hadde ein eigen liten koffert. Han hadde pakka den heilt sjølv. Fordi kofferten var full av jolehemmelegheiter: jolegåver både til mamma og Besta.

Toget kom presis. Mamma hadde bestilt to plassar ved vindaugen. Heldigvis. Jonas lika å sjå ut når landskapet raste forbi, spesielt når toget kørde over fjellet. Togturen skulle vara i 3,5 timer. «Ta med noko å lesa eller ei lydbok» sa mamma, dagen før, då han pakka kofferten sin. Jonas var godt førebudd. Han hadde pakka med seg fem bøker og lasta to lydbøker på nettbrettet sitt. Men no når dei sat i toget, hadde Jonas absolutt ikkje lyst til å lesa eller høyra lydbok. Å sjå ut av vindaugen var òg kjedeleg. Det pøsregna ute. Det var meir spennande å sjå på alle menneska som var med i toget. Vogna var heilt full. Kvar einaste plass var opptatt.

Jonas tok fram ei bok. Forsiktig titta han over bokkanten. Slik som ein skikkeleg detektiv. Det har han sett i ein film ein gong. Mamma sat på motsett side av han. Ho hadde lukka augene sine. Mamma var trøytt og stressa. Ved sida av mamma sat ei ung dame. Ho såg



morosam ut. Ho hadde blått hår og veldig mange øyredobbar. På andre sida av midtgangen sat ein mann. Han hadde grønt hår og ei skinnjakke med mange påsydde små, sølvfarga bjøller. Han heldt fast i ei brusflaske og såg sint ut. Jonas syntest han såg litt skummelt ut. Mannen var sikkert kjærasten til ho med blått hår, tenkte Jonas. Ved sida av Jonas sat ei dame. Ho hadde tulla seg inn i mange fargerike sjal. På armen held ho ein pitte liten baby.

Det var heilt stille i togvogna. Ingen sa noko. Kvar og ein såg berre stumt inn i rommet. Det einaste ein hørde var lyden av det køyrande toget. Plutseleg hørde Jonas ein svak gråt. Den kom frå babyen ved sida av Jonas. Han gret svakt. Ein etter ein heva blikket. Og mamma opna auga sine. Alle såg på babyen. Så såg alle på kvarandre og smilte. Mannen med det grøne håret og skinnjakka bøygde seg forsiktig over babyen. Han rista forsiktig armen sin over barnet. Alle bjøllene byrja å ringe mjukt. Babyen såg med store auga på bjøllene og gløymde heilt å grine. «Han sov sikkert snart» sa den andre dama og vogga forsiktig babyen i armane sin. Mamma til Jonas såg venleg på dama og sa «Han er sikkert litt uroleg fordi det er så mange framande rundt han. Jonas likte heller ikkje å reisa då han var liten.» Mamma nikka bort til Jonas. «Men no likar eg det» sa Jonas rask. «Klart det!» svara mamma smilande. «Spesielt når me skal reise til besta.» Plutseleg fortalte alle kor dei skulle reise. Og kva planar dei hadde for jola. Og at dei ynskte seg at det snart skal slutta å regna. Babyen var no stille. Han hadde sovna.

Når toget stoppa på neste stasjon, gjekk dei to med grønt og blått hår av. Mannen rista ein gong til med jakkearmen så bjøllene ringte, og ropte «God jol alle saman!» «Riktig god joll!» svara alle i kor. Seinare




STJERNA OVER BETHLEHEM



Vegen til Bethlehem er ein felles veg. Difor treng de berre ei spelebrikke. Set 6 teljos på eit brannsikkert underlag. Gjerne i stjerneform. Set spelebrikka på start. Kast terningen på omgang. Alle dreg med same figur. Ein kan berre trekkje over eit gult stjernehelt når ein svarer rett på spørsmålet. For kvar besvart spørsmål får de tenne eit teljos. Tolmodige må de vera når de kjem på feltet med små stjerner på. Her kjem de berre vidare når de kastar «1».

SPØRSMÅL

1. Kva heitte foreldra til Jesus?
2. Kva sa englane til gjeterane?
3. Kor vart Jesus fødd?
4. Kva heitte keisaren som regjerte då Jesus vart fødd?
5. Kva gjorde gjeterane?
6. Syng ein jolesong i lag.



når dei kom fram til Hønefoss og Besta venta på togstasjonen, sa Jonas til henne: «I dag køyrde me med eit skikkeleg joletog.» «Kvífor det? Toget såg no heilt vanleg ut.» undra Besta. «Alle smilte plutselig og snakka venleg med kvarandre, berre fordi ein

baby var med i toget og grein.» forklarte Jonas. Besta såg forundra på Jonas. Jonas ropa: «Ja, tenk over det. Akkurat som ved jolekrybba. Når menneska kom og såg Jesusbarnet den gongen.»

FREDAG 26. NOVEMBER

Lys vaken

FOTO: WILMA VAN MANEN

Det var mange som var LYS VAKEN på fredag 26. november. Dei små borna vart møtte ved utgangen av kinoen, og ved inngangen til kyrkja. Så gjekk alle til kyrkjekontoret der dei åt pizza. Etter matpausen laga dei lystog og vandra med

englerefleks til kyrkja. I kyrkja heldt Bengt ein kort andakt. Jan Arvid tok borna med seg på tårnbesøk. Så laga alle kristuskrans i kyrkja, og Jorunn forklarte symbolikken i ein kyrkjekrans. Etterpå laga dei fly med bøner på, og Bengt song i lag med borna. Papirflya vart kasta frå galleriet og ned på foreldra då dei kom inn.



Bengt held ein kort andakt for borna.



På galleriet laga dei fly av papir.



Pizza på kyrkjekontoret.

LAURDAG 27. NOVEMBER

Kreative born i fleirbruksallen

FOTO: PRIVAT OG WILMA VAN MANEN

Ulvik kyrkje hadde gratis tilbod for born, store og små, på jolemessan i Fleirbruksallen. Dei dreiv med fyrstikkoskjede dekorering, glasmåleri, jolekrybbe og dei laga englar. Der var mange innom i løpet av dagen, foreldre og besteforeldre! Jorunn og Wilma hadde ansvar for opplegget! Kreative born rundt bordet.



Song- og ljosmesse avslutta «tre dagar til endes»

FOTO: STEINAR I. BERGO OG WILMA VAN MANEN

Søndag var det igjen den tradisjonelle ljosmessa ved prest Magnar Haaland. Skulemusikken spela, og joletonane klang over kyrkja og bygdefolket.



Prosesjon med konfirmantane då gudstenesta starta.



Ulvik skulemusikklag spela.



Mange var fram og tende lys.



Konfirmantane ut i prosesjon.

På sauesanking i kyrkja!

TEKST OG FOTO: JORUNN BERGO AARVIK

Det er så kjekt å kunna samle born og foreldre til fellesskap og aktivitet i kyrkja att! Ein sundag i oktober møttest seks små og nokre vaksne i Ulvik kyrkje for å leita etter vesle Krølle. Det vimsete vesle lammet hadde gått seg bort igjen. Heldigvis klarte me å leita henne opp, og etterpå kunne alle feira med eplejus og kjeks!

Lurer du på kva som skjer for borna i kyrkja framover? Leit opp facebookgruppa «søndagsskulen i Ulvik» og be om å bli lagt til der.

Store og små i aktivitet. Det var ikkje så enkelt å få alle 2-åringane med på eit bilet. Til høgre sit Linda Van Moere Praestiin som er sundagsskuleleiar her i Ulvik.



Kor er Krølle?

TEKST OG FOTO: MANUELA BJOTVEIT

Skrekk og gru – Krølle er borte. Gjetaren Rolf manglar eit lam. Krølle – yndlingslammet hans. Kor er han? Heldigvis kom akkurat då tre blide og hjelpsame 2-åringane til kyrkja. I lag fann dei att Krølle. Som takk fekk dei kvar si bok og eit lite ljos. På ljoset er det eit lite lam, namnet til barnet og dåpsdatoen. Kake og saft hadde me òg. Sjølvsagt hadde Rolf med såpeboblemaskina. Fordi såpebobler må me berre ha. Dei gjer oss glade. Og så dalar dei sakte ned på oss som Guds velsigning.



Ei natt i kyrkja...



TEKST: MANUELA BJOTVEIT
FOTO: MANUELA BJOTVEIT OG
IRENE VIVELI

... kan no vera så mangt. Det kan no høyestått litt skummelt ut å overnatta i kyrkjerommet. Men veit du kva? Mest av alt er det kjempegøy. Seks blide 10- og 11-åringar hadde det i alle fall kjempekjekt her ei natt i november. Det var kreativverkstad, tacomidag og filmkveld før me la oss tidleg laurdag morgen. Alle seks fann plass innanfor altarringen. Der sov dei godt. Sjølv om natta vart litt kort, var alle blide og oppagde når foreldre, besteforeldre og syskjen kom til ein felles frukost. Når kan me overnatta neste gong i kyrkja? Var fyrste spørsmålet ungane kom med, etter dei hadde vakna. Det talar jo for seg.

A large close-up photograph of a young boy with blonde hair and blue eyes, looking directly at the camera. He is wearing a dark jacket over a bright green and yellow striped shirt.

**Har dere rom for en til i familien?
Nå er det behov for flere fosterhjem
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på fosterhjem.no

Illustrasjonsfoto

Stemningsfull første juledag i Eidfjord kyrkje

Ranveig Helen Lægreid kjem og syng for oss på gudstenesta 1. juledag. Gudstenesta starter kl 12.00 og kjenner me Ranveig rett så blir dette både vakkert og stemingsfullt. Me håper mange vil nytte høvet til å få med seg denne stunda i kyrkja. Ranveig held til i Trondheim, men er heime i Eidfjord i jula. Me er så heldige å få låne ho litt.

Me ynskjer å oppretta ei sms-teneste der dei som ynskjer det får ei sms-påminning frå oss nokre dagar før gudstenesta. Ynskjer du å stå på lista, ta kontakt med kyrkjekontoret i Eidfjord. 53 66 52 51 eller post@eidfjordkyrkje.no



Advent blir ikkje det same utan ei julekrybbe

Tradisjonen tru var stallen på plass under klokketårnet i Eidfjord til første søndag i advent. Josef og Maria sviktar aldri og gjekk også i år den lange vegen for å flytta inn saman med dyra. Krybba sto klar med høy til pute og englane song ute. Kanskje hørde du dei på Ljosmessan 28. november. Då vart innflyttinga markert med song og tenning av den store stjerna.

I veddemålet mellom dyra i stallen som du kanskje har lese om på nettet, vart søya taparen. Det ligg nemleg eit nyfødt barn i krubba.



Julekrybbevisa

*No har me fått opp krybba og alt er laga te,
I kyrkja er det varme og pynta juletre
Me ønskjer deg velkommen, til julekrybba vår
Her er det nokså sikkert at du julestemning får.*

*Ta turen under tårnet så samlast me og ser,
På stjerna og på stallen og dei som lever der
Og kanskje får me høyre litt vakker englesong
For englane dei syng hjå oss, nett som dei gjor dengong.*

*I krybba ligg ein liten gut så fresk og rein og go,
og Josef og Maria, dei er der begge to
Om kvelden er det stemning med lyktene slått på
Og guten blei fødd tidleg slik at mange kan få sjå.*

*No, er det lenge sida at det blei tradisjon
Med julekrybbe ute, me syns det er kanon
Og same kva som hender er gleda like stor
Når stallen den står ferdig, enda betre enn i fjor.*

Helsing fra tilsette i Eidfjord kyrkje



Velkommen på babysong i Ulvik kyrkje



Måndagar klokka 11.00-12:00

Påmelding og informasjon:
Kjersti Johanne Nybø, telefon 916 02 028

DEN NORSKE KYRKJA

Ulvik

JOLEGÅVETIPS

Dersom du vil hugsa på ein sambygding, kan Brubyggjaren vera eit godt gåvetips. Du får eit årsabonnement sendt til den du ynskjer, for 300 kroner. Det er opp til mottakaren å abbonera vidare, når året er omme! Skriv ut skjemaet frå kyrkjene si heimeside, eller me kan senda deg eit helsingbrev, om du ynskjer det!

Ta kontakt med eit av kyrkjekontora,
så ordnar me alt!
Takk for interessa og støtten!

Til

Helsinga i år er eit årsabonnement på Brubyggjaren. Håpar du vil lika å lesa om det som skjer i heimbygda og i den andre enden av Hardangerbrua!

Brubyggjaren kjem fire gongar i året:
Til påske, til ferien, om hausten
og til jol.

Med dette ynskjer me ei god
jol og alt godt for det nye året!
Beste helsing



Som dagane går...

Døypte

Døypte i Ulvik

Olav Bergo Gullaksen
Oliver Meel Pisani
Eileen Pettersen Hagen

Døypte i Eidfjord

Samuel Røte, døypt i skulehuset på Bu Astrid Prestegård

Gravlagde

Gravlagde i Ulvik

Arne S. Vestheim, fødd 1934
Tordis Rinde, fødd 1937
Inge Reidar Sveen, fødd 1940
Kjellaug Osa, fødd 1922
Brynjulf Langballe, fødd 1935
Magnus Ljone, fødd 1941

Gravlagde i Eidfjord

Anna Helene Evensen, fødd 1932
Gerd Solveig Midtbø, fødd 1932
Tor I Bu, fødd 1945
Anna Engtrø, fødd 1934



**Er du SVOLTEN, TØRST eller TRØTT
Vi er på jobb nesten hver dag hele året.**

Catering | Kafe & Kremmeri
A la carte | Lukka lag | Seng å sove i



Hos oss skal det være Sutalaust & Kjekt
www.eidfjordhotel.no · Tlf: 53 66 52 64

Dåpskjole til leige!

Pris: 300,-

Kontakt: Ulvik Bygdekvinnelag
v/ Åsa Gunnarsdottir, tlf.: 952 62 096



ULVIK 
Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no

GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk -Wollert Nordahl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørande ynskjer hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- **transport av båre** (også henting på sjukhus)
 - lysingar, gravferdssongar,
 - og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider
på tlf. 56 52 64 47
mob. 952 10554 / 952 13375

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik – Tlf. 56 52 54 47

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.
I samband med dødsfall
kan me levera
blomahelsingar til dei pårørande,

 **kransar**
 **båredekorasjonar**
 **bårebukettar.**

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER NATURSTEIN 
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordahl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



FJORDTIND

HOTELS

Velkommen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringsfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhotels.no

Quality Hotel Vøringsfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no



BUTIKK1 AS
5730 Ulvik
Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en
hyggelig handel

Me ordnar alt vedrørande dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar



Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

Arne Osa
Maskinentreprenør

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



ULVIK BEN SIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89

Mob. 907 54 533




**Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalta til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte





Gudstenesteliste

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
24.12.2021	13.30	Fredag	Ulvik kyrkje	Jolaftan
25.12.2021	12.00	Laurdag	Ulvik kyrkje	1. joledag
31.12.2021	16.00	Fredag	Ulvik kyrkje	Nyttårsaftan
23.01.2022	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
06.02.2022	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste + T10
27.02.2022	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
06.03.2022	14.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
20.03.2022	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
27.03.2022	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
12.12.2021	11.00	Sundag	Eid fjord kyrkje	Gudsteneste
14.12.2021	10.00	Tysdag	Eid fjord kyrkje	Adventsgudsteneste
24.12.2021	16.00	Jolaftan	Eid fjord kyrkje	Gudsteneste
25.12.2021	12.00	Joledag	Eid fjord kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Ranveig Helen Lægreid
02.01.2022		Sundag	Eid fjord kyrkje	Joletrefest. Følg med på facebook og heimeside for meir info.
16.01.2022	11.00	Sundag	Eid fjord kyrkje	Gudsteneste
06.02.2022	11.00	Sundag	Eid fjord kyrkje	Gudsteneste
20.02.2022	11.00	Sundag	Eid fjord kyrkje	Gudsteneste
06.03.2022	11.00	Sundag	Eid fjord kyrkje	Gudsteneste

Det kan koma endringar i oppsett gudstenesteliste og i smittevernsreglar.

Du kan bruka Vipps ved ofringa i kyrkjene og ved gaver.

Vipps Ulvik kyrkje: 125390

Vipps Eidfjord kyrkje: 127865